

Nervekrig i Nordsjøen

Fagforeningane freser etter at Statoil stenger nye oljefelt, og fryktar tvungen lønsnemnd. Lønsnemnd vil dei tape på, meiner forskar.

OGNE ØYEHAUG
GURO VALLAND
TOR HØVIK (foto)
ogne.oyehaug@bt.no

– Dette er ein streik som arbeidstakersida har all interesse av å fortsette, seier forskar Kristine Nergaard i forskingselskapet Fafo.

Kjernen i konflikten er striden om pensjonsvilkåra til dei tilsette på sokkelen. Skal dei som går av med førtidspensjon som 62-åringar framleis få ekstra pensjon fram til dei når vanleg pensjonsalder og full pensjon, eller ei? Ifølgje fagforeningane står det om rundt 80.000 kroner i året.

Endar konflikten med lønsnemnd har arbeidstakarane historia mot seg. Pensjonskrav er det liten tradisjon for at lønsnemnda gir etter for, ifølgje Nergaard. Arbeidstakarane har betre sjansar dersom konflikten blir løyst med forhandlingar, meiner ho.

Dermed er det om å gjere for fagforeningane å halde streiken på eit nivå som hindrar at styresmaktene grip inn med tvungen lønsnemnd.

«Eit pek»

Hilde-Marit Rysst, leiar i Safe, kallar Statoil si avgjerd i går om å stengje produksjonen på Veslefrikk, Huldra, Brage og Oseberg C for «eit pek mot samfunnet».

Statoil grunnjev stenginga med at olje frå dei fire felta blir frakta i rør innom Oseberg feltcenter, der arbeidarane er i streik. Utan folk i arbeid på feltcenteret er det ikkje trygt å produsere frå dei fire felte lenger.

Rysst sin kollega i Industri Energi, Leif Sande, meiner arbeidsgivarane berre er ute etter å gjere konsekvensen av streiken meir omfattande for å tvinge fram lønsnemnd. Det er heilt unødvendig å stoppe produksjonen på dei fire oljefelta, ifølgje Sande. Dei folka som må til på Oseberg feltcenter for å passe på oljebraumen frå Veslefrikk, Huldra, Brage og Oseberg C skal få dispensasjon frå streiken, lovar han.

– Det er berre for Statoil å søkje, seier Sande.

254.000 kroner dagen

– Konsekvensane av streiken blir vesentleg større enn fagforeningane har sett føre seg, seier forhandlingsleiar Jan Hodneland i Oljeindustriens Landsforening (OLF) i ei pressemelding.

Ifølgje OLF kostar streiken no



STREIKAR: Nokre dreg ut, medan andre må vere heime. – Me jobbar særst tunge skift og folk får helseproblem av alt slitet. Det er nær sagt umogleg å arbeide til me blir 65 år, seier hovudtillitsvalt i Lederne, Terje Herland. Saman med Per Helge Ødegård frå Lederne og kollegaer frå Industri Energi delte han ut streikeinformasjon på Flesland i går.

fakta oljestreik

- 708 tilsette i Statoil, BP Norge AS og ESS Support Services er i streik. Dei arbeider på Oseberg, Heidrun, Skarv og Floatel Superior. De streikande høyrer til fagforeningane Industri Energi, Safe og Lederne.
- Både Oseberg og Heidrun stengjer produksjonen. Det tek fire til fem døgn frå streiken starta til felte er stengt. I går varsla Statoil at produksjonen på fire nye felt blir stengt.
- Streiken starta då meklinga i lønnsoppgjeret mellom tilsette på sokkelen og Oljeindustriens Landsforening (OLF) braut saman natt til søndag.

staten og bedriftene 180 millionar kroner dagen, eller 254.000 kroner dagleg for kvar av dei 708 som er tekne ut i streik. Den siste nedstenginga til Statoil kostar aleine cirka 30 millionar kroner dagen.

Fagforeningane er usamde i dette reknestykket, og argument med at det først og fremst er er snakk om utsette – og ikkje

tapte – inntekter frå Nordsjøen.

Høg temperatur i vinden

I går føremiddag blåste det kaldt rundt streikevaktene på Flesland. Situasjonen dei no står midt oppi, fekk opp temperaturen.

– Me blir behandla akkurat som dykkarane blei på 70-talet, og me finn oss ikkje i det. Me fortener ein verdig avgang, men

bruk og kast-mentaliteten som pensjonskuttet faktisk vitnar om, tilseier det totalt motsette, seier hovudtillitsvalt Per Helge Ødegård frå Lederne.

– Me jobbar særst tunge skift og folk får helseproblem av alt slitet. Det er nær sagt umogleg å arbeide til me blir 65 år, seier Terje Herland, som også er hovudtillitsvalt i Lederne.

Jan Hodneland, forhandlings-

leiar i Oljeindustriens Landsforening (OLF), som er motpart til oljearbeidarane, meinte at pensjonskrava frå Industri Energi, SAFE og Lederne var fullstendig urimelege.

Han viste også til at dei tilsette i oljeselskapa har ei gjennomsnittsinntekt på ein million kroner og ein pensjonsalder på 65 år, og at dette allereie gjer dei til Noregs pensjonsvinnarar.

Brilleville dager!

÷ 73%
på alle briller
inkludert standard enstyrke glass

Spar opptil
600,-
på progressive
glass

Gjelder ikke solbriller. Brilletilpasning kr 300,-, synsprove fra kr 390,- og evt. oppgradering av glass kommer i tillegg. Tilbudet kan ikke benyttes med andre tilbud og rabatter.



Legevakt alle dager

Hverdager: 08.00-22.00, Lørdag: 09.30-16.00
Søndag/Helligdager: 10.30-16.00

Tlf. 55 11 20 00
www.volvat.no



Strandgt. 50, Bergen – tlf. 55 23 39 40
Bergen Storsenter – tlf. 55 32 73 00
Lagunen Storsenter – tlf. 55 22 15 55
Sartor Storsenter – tlf. 56 33 25 90
Åsane Storsenter – tlf. 55 18 51 70
Amfi Os – tlf. 56 30 11 30

brilleland